

Arkivkode:

Sak nr.: 21/19695

Styresak: **24/2021**

Møtedato: 14. desember

---

**Representantar til utval ved Universitetsmuseet – delegasjon av oppnemning**

*Saksdokument, ikkje vedlagt:*

- Vedtekter for Universitetsmuseet i Bergen, lenke: [Vedtekter for Universitetsmuseet i Bergen — Regelsamlingen documentation \(uib.no\)](#)
- Valreglementet, lenke: [1.3.6 Valgreglement — Regelsamlingen documentation \(uib.no\)](#)

**Saka:**

Det skal ved Universitetsmuseet vera eit tilsetjingsutval, eit valstyre og ein nominasjonskomité. Det er museumsstyret som skal oppnemna nokre av desse medlemmene. Denne saka handlar om å delegera fullmakt til å oppnemna utvalsmedlemmer til direktøren for direktørperioden fom 15.11.2021 tom 14.11.2025 for å få fleksibilitet (museumsstyret har gjerne kun 3-4 møter i semesteret).

**Tilsetjingsutvalet (vedtektene punkt 4):**

Tilsetjingsutvalet er tilsetjingsorgan for mellombelse forskar- og rekrutteringsstillingar (stipendiatar og postdoktorar) ved museets grunneiningar.

Tilsetjingsutvalet skal ha slik samansetjing:

- Museumsdirektøren , leiar av utvalet
- Leiarane for grunneiningane (dvs. for Avd. for kulturhistorie og Avd. for naturhistorie)
- Museumsstyret oppnemner eitt medlem etter forslag frå dei tilsette sine tenesteorganisasjonar, og studentane eitt medlem etter forslag frå studentparlamentet

Tilsetjingsutvalet blir oppnemnd for fire år, studentrepresentantane blir oppnemnde for eitt år.

**Valstyret (valreglementet § 3)**

Valstyret ved Universitetsmuseet skal sørge for at val ved museet blir gjennomført i samsvar med valreglementet og ta avgjerder i samband med valet, som ikkje er tillagt anna organ.

Valstyret skal ha eit oddetal medlemmer. Alle stemmerettsgruppene skal vera representerte i valstyret. Valstyrets funksjonsperiode er 4 år, med unntak av studentrepresentant og representant for gruppe B (mellombels tilsette i vitskapleg stilling) som blir oppnemnde for 1 år.

Det er museumsstyret som oppnemner valstyret (valreglementet § 3-3).

#### **Nominasjonskomité (valreglementet § 4)**

Nominasjonskomiteen skal ha representantar frå alle stemmerettsgruppene. Komiteen skal foreslå kandidatar for valstyret når det ved utgangen av forslagsfristen ikkje er komme inn mange nok forslag på kandidatar til valet, eller mange nok forslag på kandidatar av begge kjønn. Det er museumsstyret som oppnemner nominasjonskomité (§ 4-4 nr. 1) etter forslag frå instituttleiarane, arbeidstakarorganisasjonane og studentane (§4-4 nr 3).

Museumsstyret blir med dette invitert til å delegera sitt mynde til museets direktør til å oppnemna medlemmer til tilsetjingsutvalet, valstyret og nominasjonskomiteen i samsvar med UiBs reglar for desse organa, jf. UM-vedtektene punkt 3.2: «Museumsstyret kan delegere myndighet til museumsdirektøren og til organer og utvalg innenfor museet, men skal sjølv ansette ledere for grunnenhet og faste vitenskapelige stillinger, samt behandle og avgjøre saker av prinsipiell eller vesentlig betydning. Styret gir uttalelse til Universitetsstyret ved ansettelse av museumsdirektør.»

#### **Forslag til vedtak:**

Museumsstyret delegerer med dette til museumsdirektøren sitt mynde etter UiBs reglar for tilsetjingsutvalet, valstyret og nominasjonskomiteen ved museet å oppnemna medlemmer til førenemnde utval i perioden fom 15.11.2021 tom 14.11.2025.